



Kalvatre med nytt våningshus og nytt redskapshus/verkstad.

**Therese Omvik og Kjetil Fossheim har så langt synt at det let seg gera å bu og driva gard øvst oppe i Uskedalen, på småbruket Kalvatre på øvre Musland. Med stort pågangsmot og arbeidskraft har dei bygd hus og etablert gardsdrift med sauer, ammekyr og hest. Begge er i anna arbeid. Kjetil er saueklyppar og overtok Kalvatre i 2008. Therese og Kjetil busette dei seg fast på bruket i 2011.**

Kalvatre ligg på øvre Musland og må reknast som eit småbruk. Besteforeldra til Kjetil, Hallvard og Malene Musland, budde på bruket fram til dei flytta ned til bygda og bygde seg hus i Kleivadalen. Hallvard kom frå Bergstø i Mauranger, men skreiv seg Musland. Malene, fødd Nesheim, kom frå Voss. Dei hadde fire born. Den yngste dottera Helga gift med Jarle Fossheim, bur på Seimsfoss. Frå oppveksten har Kjetil god erfaring med landbruk og sau. Han har i alle år synt interesse for dyr og gardsarbeid.



Det nye våningshuset på garden.

I eit innlegg, som er lagt ut på Facebooksida Landbruk i Kvinnherad, kjem det fram at Therese og Kjetil har planar for vidare drift i Kalvatre. Så langt har dei bygd seg nytt våningshus, nytt redskapshus og verkstad. Meir skal det bli. Det neste er nydyrking og beiterydding. Den gamle løa på bruket er framleis i bruk.

Landbruk er ei vekstnæring i Uskedalen noko som er synleg ved nyetablering, nye driftsbygningar og ikkje minst dyrking og beiterydding.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Tore Eik ( Landbruk i Kvinnherad )



Therese Omvik og Kjetil Fosheim mellom høge fjell på tunet Kalvatre på øvre Musland.